

Referat frå styremøte VIL 17.01.19

Desse møtte : Anders Rem, Richard Moen, Jan Ole Fuglem, Odd Lennart Vikene, Magne Eivind Glomset og Silje S. Grønning

1/19. Informasjon frå grupper og styret

- Disksport : Lite oppmøte på innetrening, 2-5 stk.
Richard har vært på klubbmøte for disksport på Gardemoen.
Dette var interessant og informerende.
- Fotball : Anders informerer om møte 16/1 ang. fordeling og påmelding av lag til vårsesongen.
Utfordring med for få i kvart alderstrinn. Resultat av dette blir sammenslåing av årskull og søknad om dispensasjonar.
- Ski : Mykje aktivitet.
Arrangerte sonerenn 5. Januar på Krikane/Høghjelle pga. snømangel på Omenås
Bra aktivitet på skikaffe og mykje snø i dag!

2/19. Søknad frå skigruppa om støtte til kurs

Styret innvilga søknaden.
Trenarkurs 1 betales av undergruppene.
Trenarkurs 2. dekker hovedlaget (Det bør settast eit tak og stilles litt kriterier for dette).
Søknaden må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

3/19. Marknad 2019

Gruppe som oppnemnst til å ta seg av dette er :
Anders Rem, Liv Marit Indreeide, Silje S. Grønning og evn. Anne Lene Hjelle (Anders spør)
Bør vurdere anna dato då det er mange frå skigruppa m.foreldre som skal på Liatoppen den oppsatte helga.
Prøve og få til litt anna innhold i tillegg til lodd og lister.
Forslag til bildeframsying på storskjerm med bilder frå "gamle dager" til no med tanke på 100 års markeringa.
Markere litt utøvarane med f.eks. "årets beste"..... ?

3/19. 100 års jubileumsfest

Høyre med oppnevnte komite om dei vil jobbe vidare med dette.
Viktig at dei som sit i komiteen er engasjerte og brenn litt for dette.
Bør kanskje involvere nokon med litt musikkbakgrunn og ungdommar.
Anders Jørgen Gjerde og Andreas Ødegård blei nevnt.
Banner til å henge på utsida av klubbhuset må kjøpast inn.
Styret kom med ulike forslag til innhald.
Dette skal være eit familiearrangement for både barn og vaksne.
Bildeframsying med litt historie. Kjekt om ein kan få nokon til å fortelje ei god historie frå ein fotballkamp, skiløp o.l.
Filmsnuttar og helsingar frå kjente idrettsutøvarar.
Det må settast ned ein matkomite.
Markering av dei som har utmerka seg i VIL opp gjennom åra.
Arrangementet avsluttast med eit heidundrande fyrverkeri på kaia.

Diverse. "Ribbemarsjen" 1. nyttårsdag hadde dårlig oppmøte (15 stk)
Bør det vurderast anna dag og klokkeslett?
Litt dårlig opplyst også.

Forslag om plastsortering på klubbhuset.
Anders sjekkar med SGT vedr. stativ og posar.
Egen dunk på kjøkken.

Mvh
Silje